



Møtereferat

Møte nr. 8 i: Utval for politisk styringsstruktur	Dato: 19.09.2018	Tid: Kl.
Møteleiar: Marianne Sandahl Bjørøy	Stad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
Medlemmer som møtte: Marianne Sandahl Bjørøy Ernst Einarsen Kristin Brennhaug Ørjan Telle Jørgen Kausland Espen Harketstad Ingrid Marie Toft	Forfall: Børge Haugetun Jogeir Sognnæs	
Andre: Ingen		
Referent: Lillian Torsvik		

Saksnr	Sakstittel
22/18	Velkomen ved leiar Leiaren ønskte velkomen til møtet. Då Willy Sørensen har gått av med pensjon sidan siste møte, har utvalet fått ny møtesekretær ved Lillian Torsvik.
23/18	Godkjenning av innkalling og saksliste, og godkjenning av tidlegare utsendt referat frå førre møte 22.05.18 Innkalling, saksliste og referat vart godkjent utan merknader.
24/18	Oppfølging Etisk reglement – vidare arbeid På bakgrunn av informasjon om at det er usikkert kor vidt ein kan ha felles etisk reglement for både folkevalde og tilsette, bad utvalet sekretæren avklare dette. Dersom reglementet kan vera felles, må utvalet sitt utkast til etisk reglement sendast på naudsynt høyring før det vert lagt fram for Fellesnemnda. Praktiske løysingar knytt til revidering av reglementet må også vurderast.
25/18	Tilleggsoppgåve frå Fellesnemnda – Skisse for oppgåveutval I Fellesnemnda sitt vedtak i sak PS 42/18 Sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur - Sluttbehandling etter høyring vart det gitt slikt tilleggsmandat til utvalet: <i>Fellesnemnda ønskjer å gje eit tilleggsmandat til utvalet som har jobba med politisk organisering. Gentofte kommune i Danmark har innført ein modell med oppgåveutval, for å utvikle lokaldemokratiet og få innbyggjarar og brukargrupper tettare på dei politiske prosessane og for å sikre auka medverknad. Fellesnemnda ber utvalet for politisk organisering skissere opp modellar for korleis noko tilsvarande kan byggast opp</i>



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

	<p><i>for nye Øygarden kommune og presentere ei slik skisse for Fellesnemnda innan utgangen av 2018.</i></p> <p>Utvalet drøfta tilleggsmandatet og viste til både Gentofte kommune i Danmark og Selvik kommune i Norge som har etablert oppgåveutval.</p> <p>Utvalet bad sekretæren leggja presentasjonen frå Gentofte kommune og Selvik kommune sin evalueringsrapport om oppgåveutval ved referatet frå dette møtet.</p> <p>Utvalet bad sekretæren leggja fram forslag til skisse for oppgåveutval til neste møte.</p> <p>Tema for slike oppgåveutval må vera på strategisk, overordna politikknivå.</p>
26/18	<p>Plan for arbeidet vidare</p> <p>Neste møte vert tysdag 23.10.18 kl. 17.00 – 19.00.</p> <p>Tema for møtet vert drøfting av skisse til oppgåveutval og forslag til mandat for slike utval.</p>
27/18	<p>Ymse</p> <ul style="list-style-type: none">- Utvalet viste til at innkallinga til møtet ikkje var lagt ut på Nye Øygarden kommune si heimeside før møtet.- Opplæringsplan for nytt kommunestyre som trer i kraft 01.01.20. Leiar vil ta dette opp i neste møte i Fellesnemnda.